Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: julenissen

Oppskr. av: Martin Tunes

(adresse): Tunes b. k. pr. Bergen

Fylke: Hordaland

Herad: Haus

Bygdelag: Skjeggestrand

Gard: Tunes

G.nr. 83. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Skikken med julenissen har berre vore i bruk dei siste 30-40 åri her og er truleg ein skikk, som har breit seg over bygdene her ikring frå Bergen. Det er berre på juletræfestane åt skuleborni, at nissen opptrer her.

2. Julenissen delar ut julegott til borni, som han kjem med i ei korg på armen, eller om det er mange born, i ein sekk på ryggen. Nissen får ingen ting for strevet sitt.

3. Det er oftaste ein mannperson som kler seg ut som julenisse. Han skal helst vera liten og tjukkfallen.

4. Nissen skal ha maska med kvitt skjegg, helst knebuksa og raud topphuva. Kufta er oftaste ein svart eller grå frakke.

5. Maska vert vanlegvis kjøpt i byen, det andre utstyret skaffar ein sjølv.

5212

6. Dei som går julebukk brukar masker av ymse slag etter som det høver.

7 Julebukkane delar ikkje ut julegåvor, dei gjeng helst for å få julegott.

8. Eg trur ikkje at den nye julenissen vert sett i samband med den gamle tuftekallen som fekk julegraut.

9. Dette med julegåvor i skoli utanfor døri høyrde eg hulleg noko liknande av for min, då eg var liten, men kan no ikkje gjeva nærmare greida for det.

Tines den 15/1 1951.

Martin Tines

5212

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING